

Saksutredning:

## MELDINGER TIL VESTLANDSRÅDETS MØTE 03.12.2013

---

Trykte vedlegg:

Utrykte vedlegg:

---

### VR-sak 23/13 Meldinger til Vestlandsrådets møte 031213

#### M-sak 12/13 Referat fra telefonmøte i AU 041113

#### Referat fra telefonmøte i AU 4. november 2013 (kl 1000-1100)

På møtet deltok fylkesordførerne Åshild Kjelsnes, Jon Aasen og Tom-Christer Nilsen.

Fylkesordfører Janne Johnsen hadde meldt forfall. Ingen møtte i hennes sted. Dessuten deltok fylkesrådmann Tore Eriksen.

#### AU-sak 17/13 Skal Vestlandsrådet jobbe videre med havnesak?

Til Vestlandsrådets møte 16. september i år var direktør David Ottesen i Risavika havn AS invitert til å redegjøre for sine tanker om å gi havnene på Vestlandet en mer framtredd plass som importhavner og distribusjonshavner.

Fra flere representanter ble det uttrykt interesse for de tankene som Ottesen la fram.

Rådmannen finner det riktig at AU i Vestlandsrådet drøfter om Vestlandsrådet skal gå videre med saka.

I sitt innlegg viste Ottesen til Stoltenberg-regjeringens dokument om økt nærskipstransport. Her nevnes utforming av en tilskuddsordning for statlig støtte til investeringer i utpekte havner og en tilskuddsordning for havnesamarbeid og godskonsentrasjon.

Lastebilens andel av godstransporten øker. For Vestlandsfylkene er det 506 000 biler/vogntog som går til og fra våre fylkeskommuner hvert år noe som betyr 1380 vogntog hver dag. Miljømessig gir sjøtransport bare vel 16% av CO2 utslipp per transportert enhet sammenliknet med hva en lastebil slipper ut.

# Vestlandsrådet

Det er syv «utpekte havner» i Norge. To av disse, Stavanger og Bergen ligger på Vestlandet. I tillegg kommer selvsagt mange havner i landsdelen som har en svært viktig rolle i det lokale transportarbeid og som arbeidsplasser.

I dag kommer store godsmengder til havna i Gøteborg. 2000 biler går daglig fra denne havna til Norge. Store mengder av dette fraktes videre per lastebil til Vestlandet og andre steder som for eksempel Trøndelag. I tillegg kommer de vesentlige godsmengder som går over den andre viktige omlastingshavna for gods fra utlandet som er Oslo.

Spørsmålet er om det er viktig for Vestlandet å få større deler av denne transporten til og fra Norge og Vestlandet over en eller flere vestlandshavner og hvordan havnene på Vestlandet kan spille sammen i et koordinert havnesamarbeid.

Et slikt samarbeid kan blant annet:

- gi en konsentrasjon av godsstrømmene innenfor ulike regioner
- gi grunnlag for et konkurransedyktig logistikk-knutepunkt
- gi noen regionale havner en spesialisert havnefunksjon mht godstyper og:
  - bidra til reduserte CO2 utslipp
  - mindre tungtrafikk på vegene
  - redusere antall trafikkulykker
  - forsterke vestlandsk samarbeid

Det kan i en slik sammenheng etableres et tett organisatorisk og eventuelt forretningsmessig samarbeid mellom landsdelens havner. Det er ingen formelle hindringer for å etablere slike havneregioner på tvers av fylkesgrenser.

Spørsmålet er i denne saka om Vestlandsrådet skal engasjere seg mer i et slikt sakskompleks. Dette kan gjøres på flere måter. En er å oppfordre havneenehetene å til å utvikle sterkere samarbeid dem i mellom. En annen mulighet er at Vestlandsrådet engasjerer en konsulent/høgskole/utredningsinstitutt for å nærmere klargjøre muligheten for å få dette til og hvilke effekter et slikt utstrakt samarbeid vil ha for godstransporten, havnenes utvikling, i forhold til berørt næringsliv og hvordan et slikt samarbeid bør organiseres.

AU bes om å drøfte om Vestlandsrådet skal engasjere seg videre og eventuelt på hvilken måte.

## **Fylkesrådmannens forslag:**

Vestlandsrådets engasjement i forhold til utvikling av havnesamarbeid drøftes i AU.

## **Vedtak:**

Vestlandsrådet engasjerer seg ikke videre med å utvikle felles havnesak for Vestlandet.

## AU-sak18/13 Spørsmål om vidare drift av Flaggruten

På Vestlandsrådets møte 160913, under «åpen halvtime» tok Tom Tvedt opp spørsmålet hvordan Vestlandsrådet skulle forholde seg til at Flaggruten mellom Stavanger og Bergen blir lagt ned. Det synes riktig at AU ser på saka.

Samferdselsgruppa i Vestlandsrådet har svart slik:

«HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Fylkerådmannen

---

## NOTAT

**Til:** Fylkesutvalet,  
Samferdselsutvalet  
Vestlandsrådet

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Kopi til:**

**Dato:** 09. oktober 2013

**Arkivsak:** 201004785-6/RORO

**Arkivnr.:** 854

## Spørsmål om vidare drift av Flaggruten

Når Norled AS kunngjorde at Flaggruten vert lagt ned frå komande årsskifte, tok fylkesordførar Tom Christer Nilsen initiativ til eit møte med kollegaen i Rogaland for å drøfta kva som kan gjerast for å oppretthalda snøggåtdrifta på tvers av fylkesgrensa. På politisk nivå var ein open for å sjå på løysingar som kan oppretthalda ei kommersiell drift.

Det har vore fokusert på at ei medverkande årsak til at Flaggruten vert lagt ned er innretninga av dei nye snøggåtanboda som vert sett i verk frå komande årsskifte.

På eit tidleg tidspunkt i planlegginga av nye snøggåtruter, var Skyss og Kolumbus i dialog om eit mogleg samarbeid. Dialogen vart avslutta fordi det vart vurdert som uaktuelt å konkurranseutsetja eit fylkeskryssande, kommersielt snøggåtsamband. I tillegg vart det lagt vekt på at det finst eit parallelt, velfungerande kommersielt busstilbod med høg frekvens på den aktuelle strekninga.

Fylkesutvalet i Hordaland har hatt fylgjande saker til handsaming om nytt snøggåtanbod. Sak 2/12: Hovudprinsipp for andre generasjons snøggåtkontraktar, vedtak i Fylkesutvalet 26. januar 2012, og heile konkurransegrunnlaget (sak 99/12), vedtak i Fylkesutvalet 25. april 2012. I saksframlegget for sak 99/12 står det mellom anna:

*«Fylkesrådmannen vil ikkje tilrå at ein ved utlysing av andre generasjons snøggåtkontraktar legg opp til at delar av produksjonen skal kjøpast av Flaggruten. Å basere seg på kjøp av produksjon frå*

# Vestlandsrådet

*ein av operatørane er svært uheldig i eit konkurransemessig perspektiv. Ein har heller ingen garantiar for at Flaggruten vert vidareført gjennom neste kontraktperiode. Fylkesrådmannen legg til grunn at det er naudsynt å sikre eit fast ruteopplegg for regionen Sunnhordland/Bergen uavhengig av kommersielle aktørar. Fylkesrådmannen rår på denne bakgrunn til at det blir etablert eit ruteopplegg for Hordaland som ikkje er basert på kjøp av produksjon frå Flaggruten.*

*Fylkesrådmannen har på denne bakgrunn lagt opp til eit ruteopplegg som i all hovudsak ivaretek dagens ruteproduksjon (inkl. Flaggrutens produksjon mellom Bergen og Sunnhordland) i neste anbudsrunde. Dvs. at den produksjon som i dag vert utført av Flaggruten i Hordaland vert konkurranseutsett som del av rutepakke 1 Sunnhordland/Austevoll.»*

Administrasjonane i Kolumbus og Skyss har sett på om det er mogeleg å kobla saman anbodspakkane Sunnhordland og Stavanger –Haugesund med ruter over Sletta. Ruteteknisk kan det la seg gjera å vidareføra ein morgontur frå Stavanger til Haugesund til Leirvik. Dette kan gje korrespondanse til/frå Bergen. Det er likevel slik at Sunnhordlandspakken er inngått for 10 år, medan Stavanger-Haugesund er inngått for eitt år. På ruta Stavanger-Haugesund er det lagt opp til fartøy med eit passasjertal på 147. Dette gjev ein fartøystorleik som ikkje er egna for Sletta i dårleg ver. Dersom Kolumbus må endra passasjerkapasiteten for å få større fartøy (meir sjødyktig i høve Sletta) må det påreknast kostnader utover den reine meirproduksjonen. Det vil i så fall innebera at denne turen vert delfinansiert ved fylkeskommunale tilskot.

Den 3. oktober 2013 var det halde eit oppsummerande møte mellom leiinga i Kolumbus, Skyss og Norled der ein konkluderte med at det er vanskeleg å få til ei kobling av dei to nemnde rutepakkane med ein tur over Sletta. Det er særleg på materiellsida dette er vanskeleg å få til. Avtalen var at Norled likevel skulle sjå nærare på dette.

Norled har i brev av 4. oktober 2013 meldt tilbake sine synspunkt på problemstillinga, og skriv m.a.

## Kontrakt Haugesundsruta

*Vi har planlagt å sette inn «Tidecruise» på 147 pax. Dette fartøyet er en del mindre enn dagens fartøy i Flaggruten. Ut frå «Tidecruise» sin størrelse vil vi ikke anbefale at fartøyet benyttes i rute for strekningen Haugesund-Leirvik. Det er spesielt vær- og sjøforhold over Sletta som blir utfordrende, og kan medføre mange kanselererte turer.*

## Kontrakt Sunnhordland.

*Vi har planlagt å sette inn fartøyene «Tideadmiral», «Fjordbris» og «Tranen». Av disse fartøyene er det kun «Tideadmiral» som er sertifisert for kryssing av Sletta. De andre to fartøyene er sertifisert for farvann 3 og har dermed ikke de nødvendige sertifikatene for seilas i farvann 4.*

## Konklusjon

*Me de fartøyene som inngår i kontrakter med Skyss og Kolumbus fra nyttår er det kun ett av fire fartøy som er egnet/sertifisert for å krysse Sletta.*

Oppsummert kan ein slå fast at det ruteteknisk kan etablerast ein tur/retur Stavanger-Bergen med overgong på Leirvik. Det fartøyet som kan utføra ein slik tur over Sletta er bunde opp i eit for lengst fastlagt ruteopplegg i Sunnhordland og mellom Sunnhordland og Bergen. På denne bakgrunnen har ein administrativt konkludert med at ein ikkje vil gå vidare med denne saka.»

Som det fram av saksforelegget fra Hordaland så tyder mye på at det er svært vanskelig å få til en rask endring mht å opprettholde en «Flaggruteforbindelse».

# Vestlandsrådet

## Fylkesrådmannens forslag:

Saken drøftes av AU

## Vedtak:

*Arbeidsutvalget ser ikke at en i denne omgang går videre med sak om fortsatt drift av Flaggruten.*

## AU-sak 19/13 Møtekalender for Vestlandsrådet og AU i 2014

Møtekalenderen er laget på bakgrunn av fylkeskommunenes møteplaner for 2014. En har unngått alle datoer for fylkesting og fylkesutvalg i de respektive fylkeskommuner. Det er foreslått tider som sprer møtene utover året samtidig som en tar omsyn til sommerferie og andre lengre generelle friperioder. Siden Vestlandsrådet ikke har ferdigbehandlet saka om »Vestlandsrådet-hva nå?» er det foreslått dager både for tre og fire møter i Vestlandsrådet i 2014.

Det vil være naturlig av denne saka tas opp til behandling på møtet i Vestlandsrådet etter at Rådet har drøftet sak «Vestlandsrådet-hva nå»

## Forslag møteplan Vestlandsrådet og AU 2014

### Vestlandsrådet 4 møter

Måned	Dato	Sted	Merknad
Februar	11.		
Mai	(21.-)22.		Evt. med overnatting
September	16.		
Desember	3.		

### Vestlandsrådet 3 møter

Måned	Dato	Sted	Merknad
-------	------	------	---------

# Vestlandsrådet

Februar	25.		
Mai	(21.-)22.		Evt. med overnatting
November	27.		

## AU

Måned	Dato	Tid	Sted
Januar	22.	1000-1100	Telefonmøte
April	2.	1000-1100	Telefonmøte
Juni	10.	1000-1100	Telefonmøte
September	9.	1000-1100	Telefonmøte
November	6.	1000-1100	Telefonmøte

### Fylkesrådmannens forslag:

AU anbefaler foreslåtte møteplan for 2014. Saka tas opp i Vestlandsrådet.

### Vedtak:

*Saka tas til orientering. Endelig vedtak fattes i Vestlandsrådet. To datoer (27. november og 10. juni) sjekkes opp.*

## AU-sak 20/13 Utvikling av reisepass for Vestlandet?

På Vestlandsrådets møte 160913, under sak om reiselivsstrategi, ble spørsmålet reist om det var mulig å utvikle en reisepassordning for fylkene. Det ble da lovet et notat om saken. Foreliggende notat er utarbeidet på dette grunnlaget. Notatet blir lagt fram for drøfting, uten anbefaling.

### Reisepass

Den vedtekne reiselivsstrategien i Vestlandsrådet peikar på at etablering av eit reisepass kan vere ei mogleg løysing for eit kortprodukt som kan nyttast på kollektivtransportsystema i Vestlandsfylka. For å selje eit kortprodukt som kan nyttast på kollektivtransportsystema i fleire fylke må fleire moment vere etablert.

### Teknisk plattform

# Vestlandsrådet

Det har vore arbeidd over fleire år med å standardisere dei tekniske plattformene slik at ulike billettsystem kan kommunisere. Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland hadde fellesprosjektet *Reis i Vest* som arbeidde for ein felles standard på Vestlandet. Dette prosjektet munna blant anna ut i at ein slutta seg til Staten sitt standardiseringsarbeid.

Statens vegvesen / vegdirektoratet har laga ei eiga handbok for elektronisk billettering, handbok 206. Denne baserer seg på internasjonale standardar og inneheld retningsliner for elektronisk billettering i Norge. T.d. fungerer Autopass og ferjebilletteringssystema etter denne standarden.

Møre og Romsdal og Rogaland nyttar eit billettsystem kalla Fara. Sogn og Fjordane nyttar Mobitech, medan Hordaland nyttar Atron. Ingen av desse systema kan kommunisere direkte utan til dels omfattande ressursbruk.

Dei fleste billettsystem i Norge er i større og mindre grad i tråd med handbok 206. Utviklinga går i retning av standardisering. Sjølv om standardane er på plass vil der likevel vere eit betydeleg arbeid for å kvalitetssikre at systema fungerer.

## **Avtaleverk og rutinar for avrekning mellom aktørane**

For at tenester og pengeverdiar skal kunne sirkulere mellom ulike aktørar må det vere etablert eit avtaleverk som definerer produkt, pris, avrekningsrutinar, dokumentasjon, ansvar, kredittverdighet osv.

Nasjonalt er det etablert ein organisasjon som heiter *Interoperabilitetstjenester AS*. Ruter AS (eigd av Oslo kommune/Akershus fylkeskommune), NSB og fleire fylkeskommunar eig dette selskapet saman. Ambisjonane er blant anna at dette selskapet skal bidra til å avrekne tenester mellom ulike aktørar. NSB og Ruter har i dag nokre felles kortprodukt som vert avrekna gjennom denne sentralen.

## **Overordna avtaleverk mellom aktørane**

For å få på plass reiseprodukt på tvers av fylkesgrenser og på tvers mellom offentlege og kommersielle aktørar må det liggje føre ei overordna forankring og eit tilhøyrande avtaleverk.

Felles reiseprodukt er avhengig av god forankring med klare mandat frå høgaste nivå hos dei ulike aktørane som skal involverast.

## **Breiare samarbeid mellom fylkeskommunane?**

Det er i dag ein betydeleg fylkesoverskridande ruteproduksjon og reiseaktivitet. Fylkeskommunane kjøper kvar for seg slike ruter utan at det er formalisert eit samarbeid om dette. Manglande forankring i fylkeskommunane gjer at desse strukturane no er i faresona. Ev. fylkesoverskridande reiseprodukt vil kunne bidra til å styrke marknadsposisjonen for det kollektive rutenettet.

Dersom det skal jobbast vidare med dette er vurderinga at det må vere vilje til å:

# Vestlandsrådet

- Etablere eit formalisert samarbeid mellom fylkeskommunane for å ivareta fylkesoverskridande interesser. Eit slikt samarbeid bør vere forankra på fylkestingnivå.
- Etablere eit samarbeidsforum eller tilsvarande med mandat å greie ut aktuelle felles satsingsområde.

## Oppsummering

Det går for tida føre seg eit arbeid (nasjonalt) som etter kvart, reint teknisk, kan opne for fylkeskryssande samarbeid om billettprodukt. Det vil truleg liggje eit betydeleg arbeid i å få eit slikt system til å fungere både godt og målretta. Reisepass åleine vil neppe kunne forsvare arbeidet med å få utvikla og få i drift eit slikt system. Reisepass må i tilfelle kome som ein del av ei breiare satsing.

Det manglar i dag eit formalisert samarbeid mellom fylkeskommunane med forankring og mandat for å etablere fylkesoverskridande produkt innan samferdsla. Eit ev. slikt samarbeid må på plass dersom det skal vere mogleg å ivareta fylkeskommunale interesser på tvers av fylkesgrensene, herunder ei ev. reisepass-ordning.

## Fylkesrådmannens forslag:

Notatet tas til orientering og drøfting.

## Vedtak:

1. *Kort sikt: Det undersøkes om det er mulig å få til bedringer for viktige grupper av fylkesoverskridende pendlere når det gjelder elektronisk betaling; eventuelt at dette kombineres med sjablonmessig fordeling av inntektene.*
2. *Lang sikt: En vurderer om det er mulig å utvikle felles reiseordninger basert på felles dataløsninger på Vestlandet.*
3. *Saka tas for øvrig til orientering*

## AU-sak 21/13 Vurdering av eventuell felles internasjonal strategi for fylkeskommunene

Under behandling av sak 12/13 i AU 130613, «Notat om internasjonalt arbeid» ble det vedtatt under pkt 2:

«Administrasjonen vurderer de enkelte fylkeskommuners internasjonale strategier som basis for eventuelt å fremme en felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet»

Denne saka sendes fram til AU for å informere om hvor arbeidet står per i dag og det videre arbeidet framover.



## Vurdering av dei internasjonale strategiane i fylkeskommunane – Mulegheit for ein felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet?

### Bakgrunn

Det har i fleire anledningar vore diskutert ei samkøying og ein felles rullering av dei fire fylkeskommunane sine internasjonale strategiar, og det har vore oppe som eit spørsmål om ikkje Vestlandsrådet skal lage ein felles internasjonal strategi.

I Vestlandsrådet sitt møte 08.02.13 var det oppe ei sak med følgjande forslag til vedtak;

- 1. Vestlandsrådet vil søkje ei samordning av konkrete tiltak innan det internasjonale arbeidet  
i dei einskilde fylkeskommunane der dette er formålstenleg.*
- 2. Vestlandsrådet utnemner \_\_\_\_\_ som Vestlandet sin representant i Europapolitisk forum*
- 3. Vestlandsrådet ber om at det vert gjennomført eit forprosjekt for å vurdere mulegheita for  
ei samordning av tiltak på Vestlandet i høve til BRIKS-landa (Brasil, Russland, India, Kina, Sør-Afrika) inkludert ein felles plan for kompetanseauke på BRIKS og liknande vekstøkonomiar.*
- 4. Vestlandsrådet vil be Vest-Norges Brusselkontor og Stavangerregionens Brusselkontor om  
å  
utforme eit forslag til kompetanseplan for EU/EØS-kompetanse.*

Det endelege vedtaket som vart gjort var slik:

*Jon Aasen foreslås som Vestlandets representant i Europapolitisk forum.*

I AU- møte 13.06.13 og behandling av sak 12/13, vart det vidare vedteke følgjande;

- 1. Notatet vert teke til orientering*
- 2. Administrasjonen vurderer dei enkelte fylkeskommunane sine internasjonale strategiar som basis for eventuelt å fremje ein felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet*
- 3. Åshild Kjelsnes møter som vararepresentant i Europapolitisk forum i Aasens fråvær*

Administrasjonen har no vorte utfordra på å vurdere dei internasjonale strategiane i fylkeskommunane og å sjå på mulegheiter for ein felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet, og levere eit notat på dette til AU 04.11.13.

### Internasjonalt arbeid på Vestlandet

I den politiske plattformen til Vestlandsrådet som vart vedteken i 2012, står det at ein av dei tinga VR skal arbeide for er å «styrkje Nordsjøsam arbeidet for Vestlandsrådet». Dette ligg som bakgrunn i at alle dei fire fylkeskommunane er medlem og deltakarar i Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR) og Nordsjøkommisjonen (NSC).

# Vestlandsrådet

Etter at denne plattform vart vedteken, har alle dei fire fylkeskommunane fått valt inn to eller fleire politiske representantar til ulike verv i CPMR og NSC. Administrasjonen følgjer arbeidet i desse to organisasjonane tett. Det er ulik grad av aktiv deltaking i dei politiske verva frå dei fire fylka, og det har ikkje lukkast å få til eit godt politisk samarbeid på dette område.

Fylkeskommunane har vore i fire ulike fasar når det gjeld sine internasjonale strategiar. Møre og Romsdal vedtok sin nye internasjonale strategi desember 2012, Hordaland vedtok sin strategi i juni 2013, medan Sogn og Fjordane vedtok sin internasjonale strategi 15. oktober 2013. Rogaland har ein strategi, men har starta arbeidet med å lage ein ny.

Det har difor ikkje tidlegare vore muleg å rullere strategiane samtidig, ei heller byrje og sjå på ein felles internasjonal strategi for Vestlandsrådet, før dei enkelte sine strategiar har vore på plass.

Dei fire fylka har mange av dei same interessene innafor internasjonalt arbeid, men er og ulike i forhold til aktivitet, ressursbruk, enkelte satsingsområde og politisk engasjement. Det er frå administrasjonen sin ståstad vanskeleg å lage ein fyldig felles internasjonal strategi på alt internasjonalt arbeid i dei fire fylka, men på nokre få og heilt konkrete område, kor dei fire fylka uansett allereie samarbeider, burde det vere muleg å finne fram til ein felles retning og strategi. Eit slikt arbeid er for så vidt noko som allereie eksisterer i administrasjonen, der samarbeid og utveksling av informasjon er sentralt i alle sitt internasjonale arbeid.

Administrasjonen ser på ein felles internasjonal strategi som spanande for VR, men ser at det kan vere ein fordel å vente med eit endeleg vedtak om å utarbeide dette fram til utpå nyåret 2014, etter at VR har vurdert sine satsingsområde i den politiske plattform. Det er også ein fordel at administrasjonen i fylkeskommunane vert kjent med kvarandre sine nye internasjonale strategiar, før dei byrjar arbeidet med ein felles strategi.

## Fylkesrådmannens forslag:

Saka tas orientering

## Vedtak:

1. *Saka tas til orientering*
2. *Temaområdet vurderes på AUs ekstraordinære møte 111113*

## Meldinger

### M-12/13 Saker til Vestlandsrådets møte tirsdag 031213

Dette er en liste over planlagte saker til møtet. Det er skissert forslag til møteplan.

#### *Inviterte gjester:*

1000-1020 -Næringsforum Vest  
1020-1040 -Fiskeriforum Vest

# Vestlandsrådet

1040-1110 -Statens vegvesen ved prosjektleder Ellevset: Status for ferjefri E39

1110-1130 «Åpen halvtime»

1130-1215 Lunsj

1215-1345 Vestlandsrådet-hva nå?

1345-1400 Møtekalender

1400-1430 Marin strategi/sjømatmelding

1430-1500 Næringsmelding; utsatt sak

Det ble opplyst av sekretariatsleder at det sannsynligvis ville komme opp en sak om «Handlingsprogrammet for riksvegnettet 2014-2017». Har høringsfrist 201213.

## *Kommentarer fra møtedeltakerne:*

-Eventuell sak om riksvegnettet bør være på et overordnet nivå siden de enkelte fylkeskommuner sender egne høringsuttalelser.

-Inviterte gjester bør fokusere på en eller få saker og det bør vurderes å utarbeide uttalelser fra disse innleggene.

-I forbindelse med «Åpen halvtime» bør medlemmene av Vestlandsrådet varsles på forhånd med egen epost om at de skal sende inn saker/spørsmål før møtet i VR.

Det settes en frist på minimum en uke.

## **M-13/13 Den maritime næringen på Vestlandet Nøkkeltall 2011**

Vestlandsrådet har de siste årene fått utredet nøkkeltall for den marine og maritime næringen på Vestlandet. Dette skjer i et samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Business region Bergen.

Det er gjort vedtak i Vestlandsrådet om at en ønsker å få oppdatert disse tallene hvert år. Som følge av det er det inngått en treårs-avtale med leverandøren Ideas2evidence. Avtalen er slik at en gir leverandøren beskjed innen september 2013/2014 om en ønsker oppdatering for året etter. Arbeid for 2012 er nå satt i gang slik at en skal få «ferskere» oppdateringer enn en har hatt de siste åra.

Tall for 2011 foreligger nå. Dataene leveres som sluttrapport, excel-fil med data for foretak og et nettpubliseringsverktøy som kan brukes mer dynamisk. Disse datasettene er alle lagt ut på Vestlandsrådets nettside [www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no)

Generelt er det stigende sysselsettings- og omsetnings- og verdiskapingstall for den marine klyngen fra 2008 til 2011. Ser en nærmere på tilsvarende tall for maritim klynge tegnes det et litt annet bilde. Antall ansatte har steget litt over årene mens omsetning og verdiskaping gikk ned fra 2008 til 2010, men har tatt seg godt opp fra 2010 til 2011. Uten en absolutt forklaring så kan dette henge sammen med en lågere aktivitet i deler av perioden for petroleumsvirksomheten.

# Vestlandsrådet

Ser en tallene i et totalperspektiv utgjør antall ansatte innen maritim næring (maritime og marine klynger) Vestland fylkene vel 55 % av antallet sysselsatte innen næringen i Norge hvorav Rogaland har flest med Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane som følger etter. Tilsvarende utgjør Vestlandets omsetning og verdiskaping henholdsvis 58 % og 61% av totaltallene for landet.

Ser en på eksport av fisk og fiskevarer så utgjør Vestlandet 58 % av totalen for Norge. Møre og Romsdal har 31 %, Hordaland 12 %, Sogn og Fjordane 10 % og Rogaland 5 % av Norges totale eksport.

Flere tall finnes i datarapportene.

Dataene gir et godt bilde av viktige næringer på Vestlandet og ikke minst for Norge. De vil være nyttige å bruke som synliggjøring av Vestlandets betydning for verdiskapingen i Norge-også på disse områdene.

#### *Konklusjon fra møtet:*

Det vurderes å lage en særlig pressesak når neste Nøkkeltallsak for året 2012 framlegges i februar (?) i 2014.

#### **Forslag til vedtak:**

1. Vedtakspunkt 2 i AU-sak 21/13, «Vurdering av eventuell felles internasjonal strategi for fylkeskommunene», som lyder: «Temaområdet vurderes på AUs ekstraordinære møte 111113», vil bli tatt opp på en senere AU-møte.
2. Meldingene tas for øvrig til orientering

Tore Eriksen  
Fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*